



17. mai komiteen v/ Janne Merethe S Risnes

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/132 - 19/3830

Saksbehandlar:
Arthur Kleiveland
arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:
07.03.2019

Søknad om tilskot til 17. mai 2019

Viser til søknad om tilskot frå 17.mai-komiteen på Manger.

I 2018 vart det sett av eit eingongstilskot til innkjøp av utstyr knytt til 17. mai-feiringa, ei ordning som 17. mai-komiteane kunne søkja på. Denne ordninga er ikkje vidareført i 2019-budsjettet.

Formannskapet i Radøy hadde søknaden frå 17. mai-komiteen på Manger til behandling i sak 04/2019. Formannskapet viser til at det ikkje er sett av midlar på årets budsjett til dette tiltaket, og har difor ikkje midlar å tildela.

Formannskapet vil vurdera konkrete tiltak som går utover 17. mai-feiringa, som t.d. sitjegruppe i Grønålen, som kan vera til nytte og glede for ulike brukargrupper. Dette er ei sak som eventuelt kan takast opp i eige sak i samband med t.d. opning av den påbyrja turstien.

Formannskapet ønskjer å takka for den gode innsatsen som 17. mai-komiteane i Radøy legg ned i samband med nasjonaldagsfeiringa.

Med helsing

Arthur Kleiveland
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

17. mai komiteen v/ Janne Merethe

S Risnes